



Matsalen med plass til 100 gjester er pynta og klargjort til middagen i brudlaupet i dag.

Helgheim er klargjort og pynta til brudlaup i dag. Det gamle ungdomshuset frå 1934 står fram som den mest aktuelle plassen i Uskedalen for fest, konfirmasjonar, fødselsdagsfeiring og festar. Fram til brudlaupet i dag er det gjort ein kjempejobb med pynting og rigging, både av husastyret for Helgheim og av brudeparet og venene deira.

Helgheim vart vigsla 11. mars 1934. Ungdomshuset vart påbygd og restaurert i 1963. modernisert i 1988 og seinare fornya og utbetra mange gonger etter år 2000. Med offentlege tilskot, gåver og stor eigeninnsats står huset i dag fram i sin beste stand. Ny oppvaskmaskin er på plass. Fram til brudlaupet i dag er det monterert ny såpe- og tørrmiddeldespenser. Det er videokanon og lerret på plass både oppe og nede.

Husastyret ved Hildegunn Klette Hansen har i dag publisert mange vakre bilete frå eit festpynta Helgheim. Det er plass til 100 gjester til bords i matsalen. Oppe i festsalen er det like mange stolar. Helgheim er i tillegg til Gamleskulen den mest sentrale arenaen for sosiale tilstellingar med eit gjestetalt rundt 100.

Hildegunn Klette Hansen er ansvarleg for utleige og bruken v Helgheim.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Hildegunn Klette Hansen



Festsalen i Helgheim er klar til mottak av 90 gjester i dagens brudlaup.